



# Norsk Kulturminnefond

## Søknadsskjema 2014

14/1383

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 3. 03. 2014	
Ark. saknr.:	Løp.nr.:
Sakel.:	Tilgangshistorie:

For utfylling av skjemaet: Se eget **veiledningsdokument**

Prosjektnummer	
Mottatt dato	
Utfylles av Kulturminnefondet	
Datert	
Utfylles av søker	

### 1. Prosjektnavn

Sveitserhuset til Aslaug Laastad Lygre

### 2. Søker

### Eier

Navn	Jørgen Øvstegård	Navn	Inger Lygre Øvstegård
Adresse	Dordihaugen 6	Adresse	Dordihaugen 6
Postnr./sted	5955 Lindås	Postnr./sted	5955 Lindås
E-postadresse	jooevst@muho.no	E-postadresse	injohoe@online.no
Telefon	56360626	Telefon	
Mobiltelefon	48229178	Mobiltelefon	99226986
Bankkontonummer	36401107589	Org.nr	
Org.nummer			

### 3. Geografisk beliggenhet

Adresse	Dordihaugen 6	Gnr/bnr	108/50
Kommune	Lindås	Fylke	Hordaland
SEFRAK-nummer		Bygningsnummer	
Askeladden-ID (ved fredet kulturminne)			

### 4. Søknaden gjelder

#### A. Hovedkategori

sett kryss

#### B. Formell status

sett kryss

#### C. Eierform

sett kryss

Arkeologi	<input type="checkbox"/>	Fredet	<input type="checkbox"/>	Privat	<input checked="" type="checkbox"/>
Bygg og anlegg	<input checked="" type="checkbox"/>	Regulert til bevaring / Hensynssone vern	<input type="checkbox"/>	Selskap/foretak	<input type="checkbox"/>
Utomhusanlegg	<input type="checkbox"/>	Definert verneverdig	<input checked="" type="checkbox"/>	Forening	<input type="checkbox"/>
Fartøy	<input type="checkbox"/>	Udefinert	<input type="checkbox"/>	Stiftelse	<input type="checkbox"/>
Andre kulturminner	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	Offentlig	<input type="checkbox"/>

### 5. Beskrivelse av kulturminnet/kulturmiljøet

Eit typisk sveitserhus i to etasjer pluss kjellar. Huset har typisk kvadratisk grunnplan og har overbygd altan midt på framsida. Huset er rikt ornamentert med utskjeringar omkring vidu, dører i mønet på sperreendar og i altanen.

### 6. Dagens bruk

I dag bur Jørgen og Inger Øvstegård i huset

### 7. Framtidig bruk

Bustadhus

**8. Beskrivelse av dagens tilstand**

Den generelle tilstanden til huset er god. Det er den rikt ornamenterte altanen som er i dårlig stand då den har store råteskader.

**9. Planlagte tiltak (kort beskrivelse – stikkordsmessig)**

Reparere råteskader i bærende konstruksjon og i utskjeringar/ornamentikk i altan.

**10. Planlagte tiltak (utfyllende beskrivelse)**

- Stemple av takkonstruksjonen over altanen.
- Skifte ut og fjerne alt råteskada material.
- Ta vare på mest mulig av opphavelg material (ein må avdekke råteskader undervegs)
- Lage ny dekor i material av høg kvalitet.
- Behandle bygningsdelar med rå linolje
- Male med diffusjonsåpen maling(linoljemaling)

les vedlegg

**11. Framdriftsplan**

Prosjektets start	Dato	Vinter /vår 2014	Prosjektets slutt	Dato	21 des. 2014
-------------------	------	------------------	-------------------	------	--------------

**12. Beskrivelse av framdriftsplan**

Demontering, avstempling og produksjon av nye utskjeringar vår 2014. Montering og ferdigstilling haust 2014.

**13. Tidligere mottatt tilskudd**

Fra	Prosjekt/objekt	År

## 14. Budsjett

## A. Kostnadsoverslag inklusiv mva, eksklusiv mva for søkere med refusjon for mva

Beløp avrundet 500 kr

Dugnad (føres også i B. Finansieringsplan)	Sats	timer	Beløp
Egeninnsats	200,-	80	16,000 kr
Dugnad andre	200,-		0 kr
<b>Sum dugnad</b>			16,000 kr
<b>Egne materialer/maskiner</b> (føres også i B. Finansieringsplan)			
<b>Materialkostnader</b>			39,559 kr
<b>Direkte lønnsutgifter</b> (inkl. sos. utg.)			
<b>Kjøp/leie av tjenester</b> (håndverkere, konsulenter m.m)			Beløp
			182,500 kr
<b>Sum kjøp/leie av tjenester</b>			182,500 kr
<b>Fraktkostnader</b>			3,750 kr
<b>Diverse kostnader</b>			3,750 kr
<b>Totale kostnader</b>			245,559 kr

## B. Finansieringsplan

Beløp avrundet 500 kr

Dugnad (fra A. Kostnadsoverslag)	Sats	Timer	Beløp
Egeninnsats	200,-	80	16,000 kr
Dugnad andre	200,-	0	0 kr
<b>Sum dugnad</b>			16,000 kr
<b>Egne materialer/maskiner</b> (fra A. Kostnadsoverslag)			0 kr
<b>Egenkapital</b>			Beløp
Egne midler			80,000 kr
Lån (långiver)			
<b>Sum egenkapital</b>			80,000 kr
<b>Private tilskudd</b>	Hvilke		Beløp
	Stiftelsen Uni		60,000 kr
<b>Sum private tilskudd</b>			60,000 kr
<b>Offentlige tilskudd</b>	Hvilken		Beløp
Kommune	Lindås		5,000 kr
SMIL-tilskudd			
Fylkeskommune	Hordaland		40,000 kr
Andre offentlige bidragsytere			
<b>Sum øvrige offentlige tilskudd</b>			45,000 kr
<b>Omsøkes fra Norsk kulturminnefond</b>			45,000 kr
<b>Totalfinansiering</b>			246,000 kr

**15. Tilleggsinformasjon** sett kryss

Kommunedelplan for k.minner	<input type="checkbox"/>	Statlig verneplan	<input type="checkbox"/>	Landskapsvernområde	<input type="checkbox"/>
Fylkesdelplan for kulturminner	<input type="checkbox"/>	Nasjonalpark	<input type="checkbox"/>	Verdensarv	<input type="checkbox"/>
Regionalplan for kulturminner	<input type="checkbox"/>	Naturresevat	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>
Annet (spesifiser):					

**16. Obligatoriske vedlegg** Nummerering

Fotodokumentasjon – eldre bilder, oversiktsbilder og detaljbilder	1
Kart	2
Oppmåling/tegninger	3
Detaljert tilstandsvurdering jfr pkt 8	4
Detaljert tiltaksbeskrivelse jfr pkt 10	4
Kostnadsoverslag/tilbud fra utførende håndverker og/eller rådgivere jf pkt 14. A	4
Redegjørelse for hvordan det sikres nødvendig kompetanse i prosjektet	5

**17. Andre obligatoriske vedlegg – der det er relevant for søknaden**

Kopi av lån, garantier og tilsagnsbrev for privat/offentlig tilskudd jf pkt 14. B.	<input type="checkbox"/>
Bekreftelse formell status jf pkt 4.B.	<input type="checkbox"/>
Dispensasjon/godkjenning av tiltak på fredet anlegg fra antikvarisk myndighet	<input type="checkbox"/>
Byggetillatelse/dispensasjon fra kommunen	<input type="checkbox"/>
Redegjørelse for andre tiltak som planlegges på kulturminnet, jf pkt 10 i veiledningen	<input type="checkbox"/>
Fullmakter der det er flere eiere og ikke alle har signert søknaden	<input type="checkbox"/>

**18. Andre anbefalte vedlegg**

Kulturminnefaglig uttalelse om prosjektet og kulturminnet	6
Kulturminnets historie	7
Dokumentasjon av tidligere gjennomførte prosjekter	<input type="checkbox"/>
Annen relevant dokumentasjon	<input type="checkbox"/>

**19. Forpliktende underskrift**

Søker		Eier	
Dato	Underskrift	Dato	Underskrift



I DAG SER HUSET SLIK UT, OG NO ER DET HO  
INGER JOHANNE SOM BUR HER.



FOR 100 ÅR SIDAN VART DET FØDD EI LITA  
JENTE I DETTE HUSET, OG HO FEKK NAVNET  
ASLAUG.

X 1



01/13/2010



01/13/2010





2



1. Dordihaugen 6  
5955 Lindås


2

GULE SIDER



- 1. Dordhaugen 6  
5955 Lindås

# 193



# **KULTURMINNER I LINDÅS del 1**

**FRAMLEGG TIL PLAN FOR  
VERN OG INTEGRERING AV  
ELDRE BYGNINGAR OG ANLEGG  
I NYE MILJØSTRUKTURAR  
I LINDÅSOMRÅDET**

**UTARBEIDD VED  
STIPENDIAT JAN MUNKSGAARD  
LINDÅSPROSJEKTET**

**FYLKESKONSERVATOREN I HORDALAND**

# 2.5.2 VÅNINGSHUS

LINDÅS gnr. 108, br. nr. 3  
 LINDÅS  
 HORDALAND

KARTREFERANSE:  
 ØKONOMISK KARTVERK  
 BLAD NR.: AF 064 - 5 - 3  
 KOORD.: 302650 - 48000

### "DET GAMLE LENSMAANNSHUSET".

Den gamle lensmannsgarden ligg ved Haukåsstraumen, nokre hundre meter sør for Lindås kyrkje. Huset er bygd i "sveitserstil". Denne stiltypen kom til Lindåsdistriktet mot slutten av førre århundre, og var på mange måtar svært ulik den gamle byggeskikken.



I interiøret var det først og fremst grunnplanen som vart endra (jfr. planteikning). Den fekk meir kvadratisk form enn dei eldre gardsbygningane, og tilhøva mellom romma vart endra, slik at to stover låg mot fasaden. Dei andre romma, som kjøkken, gang og kammers, låg bak desse.

Denne plantypen trengde unna den eldre, tredelte typen, og vart den vanlegaste, heilt fram til 1960-åra, då den vart avløyst av dei nye typehusa.

I eksteriøret merkjer sveitserstilen seg ut ved store takflater og bruk av prydmotiv. Ornamenta er serleg plasserte kring åpningane i huset - vindaugo og dører -, men også andre stader der dei lett lar seg kombinera med konstruktive former, som t. d. i mønet, på utskytande sperrenderar og på altanar, der det var slike. Ellers finn ein mange variantar av enklare eksteriør, og ein vil også finna den gamle tredelte planen med "sveitserfasade".

Lensmannsgarden på Lindås har dei typiske sveitserstiltrekka, og er handverksmessig godt utført. Bygningen representerer godt den nye hustypen, og var mellom dei første sveitserhusa som vart bygd omkring Lindås sentrum. Den er i god stand.

Forfatterinna Aslaug Låstad Lygre hadde i mange år heimen sin her. og hadde arbeidsstaden sin i det nåverande kontor.



GRUNNPLAN 1. HØGD MÅL 1:200

2.5.2 VÅNINGSHUS. LINDÅS GNR. 108/3



# 4

Henry Fanebust

Lindåsvegen 2088

5955 LINDÅS

No 996938360 MVA

## Prisoverslag

Prisoverslaget gjelder reparasjon av omfattande roteskadar på berande søyler og dekor på sveitserhuset som er avbilda. Søylen er tenkt skifta heilt opp til stavlægja, sjølv om det kan henda at det er frisk ved øverst i søylene. Dette meiner eg er rett fordi det gjev best stabilitet for konstruksjonen.

Det er svært vanskeleg å fastsetja tida som går med til eit slikt arbeid, men eg har prøvd etter beste evne å ta omsyn til alle aktuelle forhold. Eg har laga ei lista som syner det eg meiner må kopierast, og litt av prosessane med dette.

Demontering, og sikring av gamal konstruksjon som står att.

Rosett ( spyd) 12stk. Laga nye.

Søyler 8stk. Avsmalning av søylene, div. Spor, tappar, avfasing og utkragninger (Pyntelister)

Topp stokkar til rekkverk 8 stk.

Vannbord nede 4 stk

Bunnsvill

Laga ny 1toms faspanel til speilar.

Dekor på speilar i rekkverk.

Listing av nye speilar i rekkverk.

8 stk. Nye losholter.

Restaurering av gamle detaljar for ombruk: Til dette er avsett 40 timar.

X 4

Eg har sendt ut førespurnad på nødvendige kvalitets materialar til dette arbeidet, men har berre fått svar frå Solberg sag. I samtalar med dei bekreftar dei at dei kan levera dei etterspurde kvalitetane som må brukast her.

Materialar i følgje liste + 10% påslag	kr. 31647,00
Transport	kr. 3000,00
Tømrararbeid	kr. 143000,00
Arbeid med stillas Rs.	kr. <u>3000,00</u>
	kr. 180647,00
Mva.	<u>kr. 45161,75</u>
Pris for heile arbeidet	<u>kr. 225808,75</u>

Dersom det er uklart kva eg meiner med teksten over er det berre å ta kontakt, så skal eg prøva å forklara kva eg meiner.

Med vennleg helsing Henry fanebust

X 5

VEDLEGG TIL SØKNAD OM REPARASJON/ VEDLIKEHALD AV  
TERASSE/ALTAN . GARDSNR. 108 BRNR. 50. LINDÅS KOMMUNE.

Henry Fanebust har gitt oss eit prisoverslag på reparasjon av altan , søyler og dekor på huset vårt. Henry er ein dugende håndverkar , som har lang erfaring med renovering og bygging av hus , der gamle byggeskikkar er i bruk. Han er og svært oppteken av at det vert brukt riktige og gode materialar til dette arbeidet.

Henry Fanebust har blant anna bygd Sansetunet på Kårbø, som er eit grindabygg. Han har også bygd Bestefarstova på Hjelmås, som det er brukt fleire gamle byggeskikkar på, blant anna lafting.

Vi vil at han skal utføre arbeidet på huset då vi er sikre på at han har den rette kunnskapen og evnen til å gjennomføre arbeidet.



**Sveitserhus på gnr 108 bnr 50 i Lindås kommune**

Kulturverntenesta i Nordhordland ved Museumssenteret i Hordaland var i august 2013 på synfaring til gnr 108, bnr 50 i Lindås. Bakgrunnen for synfaringa var at eigar ville ha ei vurdering av tilstand og kulturminneverdi av våningshuset.

Våningshuset, som vart reist i 1895 av lensmann Hans Jacob Låstad, er bygd i sveitserstil. Huset er i to etasjar samt full kjellar og har eit kvadratisk grunnplan typisk for sveitserhusa. Midt på sørvestsida av huset er det ein rikt dekorert overbygd altan.

Den kvadratiske grunnplanen, krysspostvindauga og utskjeringane rundt vindauge, dører på møne og i altanen er alle trekk som gjer dette til eit av dei best bevarte sveitserhusa vi har i Hordaland. Bortsett frå fargebruken er ikkje er gjort eksteriørmessige endringar på huset sidan det var nytt i 1895.

Huset er generelt i god stand, men altanen på sørvestveggen er sterkt råteskada og må settast i stand.

Diktaren Aslaug Låstad Lygre var fødd i huset og budde der fram til ho døydde i 1966. Aslaug Låstad Lygre er mest kjend for diktet «Du skal ikkje sova bort sommarnatta» tonesett av Geirr Tveitt. Huset blir i dag brukt som bustadhus i tillegg til at det blir brukt til presentasjon av Aslaug Låstad Lygre sitt liv og dikting.

Historia til huset, det at det er gjort få endringar og det at det blir brukt i formidling er faktorar som til saman gjev huset høg kulturminneverdi.

Arild Sætre  
Sivilarkitekt  
Kulturverntenesta i Nordhordland



## LITT HISTORIE.

Våningshuset på Gnr.108 bnr.50 vart bygd i 1895 av Hans Jacob Låstad (min oldefar), som var lensmann frå 1875 til han døydde i 1914.

I huset var det lensmannskontor, post og telefonstasjon i mange år. Dottera Maria Låstad var poståpner frå 1912 til 1945, og styrar for telefonstasjonen fra den åpna i 1902 til 1953.

Dette huset var også barndomsheimen til lyrikeren ASLAUG LÅSTAD LYGRE. Ho var barnebarnet til Hans Jacob Låstad.

Aslaug var fødd her i huset den 12 des 1910, - og ho overtok huset etter mora Maria i 1957. Aslaug døydde i 1966.

For 40 år sidan overtok eg og min familie barndomsheimen til tante Aslaug, og den har sidan våre vår bustad.

Eigendommen vår på Søre Apalbakken er ein del av den gamle bebyggelsen, i det som for 100 år sidan utgjorde sentrum av Lindås, og som då var kommunesenteret.

I nærleiken ligg det gamle Tinghuset, den gamle butikken på Stenekaien, eigendommen Rosenlund som vart bygd i første del av 1800 talet, - og det gamle Tuberkulosesjukehuset som er ein stor staselig trebygning..(no Lindåstunet).

Husa utgjer eit nostalgisk miljø med gamle sveitserhus, som gjer bygda vår svært vakker.

-----

Huset som me no søker om tilskot til ( den gamle lensmannsgarden) er eit staselig sveitserhus, som står som eit merke i bygda vår.

Men tidens tann har tert på verandaen, søylene og utskjeringane over, så tida er inne for fornying av mykje av dette byggverket. Me vil ta vare på den perla som dette huset er, og håper på tilskot til dette arbeidet.

## LITT OM ASLAUG LÅSTAD LYGRE.

Tante Aslaug var fødd her i huset for 103 år sidan, her vaks ho opp, og her vart ho inspirert til mykje av diktninga si.

Tante gav ut 6 diktsamlingar, vakre dikt som gjenspeilar livet og naturen her omkring. "VI SKAL IKKJE SOVA BORT SUMARNATTA" er diktet som mest alle kjenner, og som Geirr Tveitt har laga ein vakker tone til. Diktet er omsett til mange språk. Diktet skreiv tante då ho var dødssjuk av tuberkulose, det er ein hyllest til livet, --og at me må ta vare på det mens me har det.

Tante hadde ein stor produksjon. Ho skreiv prologer, eventyr, historiske stykker, skodespel og reisebrev, og ho sente stoff inn til ulike aviser og blad. Her i barndomsheimen har me mykje av dette stoffet etter tante, "skattar" som me hentar fram og lar andre ta del i. Ein glimt inn i ei diktarverd.

Aslaug Låstad Lygre er kjendt som ein av Noregs mest kjente lyrikarar.

## BRUKEN AV HUSET I DAG.

Huset med sin historie, har i mange år vore eit mål for folk som vil sjå den vakre barndomsheimen til Aslaug Låstad Lygre.

Skuleklassar, barnehager, pensjonistgrupper, turlag, layons, blåturar osv. kan komma hit å få høyra om tante og hennar liv, -- og få litt diktlesing med seg. Eg er svært glad for på denne måten, kunna vera med på å halda tante og hennar diktning "alltid like levande".(ALL)

Året 2010 var Aslaug Låstad Lygre sitt år i Lindås kommune. Det var året ho fyllte 100år.

Det var mange ulike kulturinnslag rund i bygdene, store og små. Eit fantastisk løft for å heidra vår eigen lyriker. og eg kan trygt seia at tante fekk mange nye vener det året.

Lindåsbygda har si eige julegateåpning kvart år, første helga i desember. Då er det liv i dei gamle husa her nede på gamle Lindås, med kunstutstilling i Tinghuset, åpe hus i Rosenlund, ..og julemesse på Spjeldnes Gard. Då har me her i huset åpe i "Kjellaren", der me fyrer i grua, serverer varm sjokolade, og eg les dikt av mi kjære tante. Folk kjem og går, og set pris på den vesle pusten i bakken, ...med litt dikt attåt.

For oss som bur her, i eit staselig hus, med gamle møblar frå min oldefar si tid, ..med tante sine dikt og skriverier rund oss, og i det vakre landskapet ho skreiv frå, ...så er det likevel HEIMEN VÅR. Me lever vårt liv her, ...samstundes som me prøver å ta vare på den store arven me har og er så glad i.

Håper de ved dette får eit lite inntrykk av eit flott bygg med mykje historie, som me ynskjer å ta vare på.

Me søkjer med dette om tilskot til det viktige arbeidet.

Med venleg helsing frå

Inger Johanne Lygre Øvstegård.